

På misjonsoppdrag saman

Matteus 10,1–42

Lærlingane vert utsendingar

I kapittel 9 fekk vi høyre noko om Jesu motivasjon, korleis han såg på folket som forkomne og hjelpelause. Behovet var stort, for stort for Jesus åleine. Og han oppfordra lærlingane til å be Gud sende ut fleire arbeidarar.

No skal dei sjølve verte svaret på denne bønna. Dei vert sende ut for å forkynne det same som Jesus forkynte: Riket frå himlen er nær. Og dei skal gjere det same som han gjorde: Lækje sjuke, vekkje opp døde, reinse spedalske, drive ut vonde ånder.

Jesus utviste ein autoritet i ord og gjerning. Lærlingane vert utrusta med den same autoriteten: ein autoritet til å gjere godt.

Dette er einaste gongen Matteus brukar ordet «apostlar». Lukas brukar det mykje oftare, litt i Lukas-evangeliet, men mest i Apostelgjerningane. Ordet kan forståast som å betyde ein offisiell utsending, type ambassadør. Det er difor naturleg at det vert brukt her, nettopp når dei tolv skal sendast ut på oppdrag.

Kyrkja sitt oppdrag

Apostlane sitt virke, liksom Jesus sitt virke, rettar seg mot menneskeleg liding. Teologen Johann Baptist Metz meiner at andre si liding burde vere hjertet og sentrum i vårt arbeid. «Det farlege minnet om Jesus Kristus», seier han, «er det farlege minnet om liding.» Det er ved å rette oss mot andre si liding at vi oppdagar vår misjon. Om kyrkja snur ryggen til den som lid, så snur den ryggen til Den korsfesta.

I vår tid kunne dette innebere å kjempe mot alt som sårar og forkrøplar menneske sine liv.

Ein sirkel som utvidar seg

Liksom Jesus sjølv tok til blant jødane, så vert også dei tolv denne gongen fortalde at dei skal gå berre til jødane. Det er liksom ein sirkel som er liten fyrst, men så veit vi at denne sirkelen utvidar seg utover i Matteus-evangeliet. På slutten av evangeliet er sirkelen utvida til å gjelde alle. Lærlingane vert bedne om å gå ut i heile verda og gjere alle folkeslag til Jesu lærlingar.

Denne utvidinga har vorte hinta om heilt frå byrjinga. Jesus har teke velvillig imot ikkje-jødar, og fleire gongar har dei vorte framstilte som eksempel for andre når det gjeld tru.

Å reise lett

Dei tolv vert instruerte om å ta lite med seg, å reise lett, og også ubeskytta (utan stav). Fleire grunnar til dette har vorte føreslegne:

- (1) Kanskje skal dei gjere dette for å demonstrer tru på Guds forsyn, stole på at Gud tek seg av dei.
- (2) Det er også muleg at det ikkje skal vere så synleg at dei er på reise. Ved å unngå å sjå ut som reisande, vart dei ikkje så lett eit mål for undertrykkjing og forfylgjing.
- (3) Det er også muleg at dei skal vise at dei ikkje er ute etter å tene pengar på det dei gjer. Å berike seg på kristen forkynning stengjer for budskapen dei skal forkynne.
- (4) Kanskje skal dette også vise veg til eit annleis samfunn, der gjensidig deling er norma. Dei som vert tekne imot deler si forkynning, undervisning og lækjing. Dei som tek imot dei deler mat, klede og husrom.

Dei skal heller ikkje kaste vekk tid på slike som ikkje vil ta imot dei, men heller gå vidare til andre som er meir velvillige. Motstand skal ikkje møtast med gjengjelding, men dei skal heller ikkje bruke tid på motstanden. Der er nok å gjere blant andre som er villige til å ta imot dei.

Motstand og forfylgjing

Så vil dei møte motstand og forfylgjing. Det er ikkje eit spørsmål om korvidt dette vil hende, berre om når. Motstanden dreiar seg ikkje primært om tilfeldig vald, men om offisielle makthavarar si bekjemping av dei. Dei som er i det offisielle makthierarkiet likar ikkje at eit alternativt samfunn veks fram, utanfor deira kontroll. Av denne grunn måtte Johannes døyparen døy. Av denne grunn måtte også Jesus døy. Og for Matteus sine lesarar, nokre tiår etter Jesus, ville dei også ha høyrte om at Peter hadde vorte korsfesta i Roma av keisar Nero.

Men trass motstanden, seier Jesus at dei ikkje skal vere redde. Dei vert ikkje lovde å sleppe forfylgjing, men dei vert lovde at Gud er med dei. I staden for å la dei sleppe forfylgjing, vil Gud halde dei oppe gjennom forfylgjinga, syrgje for at dei klarer seg. Dei skal ikkje bukke under, Gud vil gje dei det dei treng i situasjonen.

Når dei slik handlar fryktlaust, tek dei frå makthavarane deira viktigaste våpen: frykta for kva desse makthavarane kan gjere mot dei. Utan dette våpenet kan ikkje makthavarane stoppe dei.

Dei må også vente motstand frå si eiga familie. Den kristne bodskapen kan splitte familier når nokon i familia mislikar bodskapen. Dette er også noko dei må vere budde på å tåle. Jesus vil at dei skal setje han over alt anna.

Jesus forsikrar dei også om kor sterkt han identifiserer seg med dei. Han vil ansjå det som vert gjort mot dei, som gjort mot han sjølv.

